

18.12.2009

Minus 14 på Friheim!



Fjellandsbøvatnet i morgontimane i dag. Er skeiseisen snart klar? (Foto: Ola Matti Mathisen)

I morgontimane i dag vart det notert minus 10 nede ved fjorden, men oppe i dalen var det kaldare. Temperaturen var heilt nede i 14 på "Friheim i dag tidleg, opplyser familien Miljeteig til uskedalen.no Og det er sjølvsagt ein klar årsrekord.

Vatnet på det grunne Fjellandsbøvatnet frys raskt ved slike temperaturar og lokalkjende trur ikkje det vil vara lenge før ein kan gå på isen hvis kaldveret held fram. Men sjølvsagt må det målingar av istjukkelsen til før folk bør våga seg utpå og hvis den varsla snøen snart kjem er det ikkje sikkert at det blir forsvarleg å 'trafikera' isen i det heile tatt i denne omgangen, blir det understreka.

Ellers har det ikkje vore så kaldt førebels at det har skapt spesielle problem i Uskedalen, men vassverkleiar Hans Reidar Kjærland er litt bekymra: - Det skal ikkje gå mange vekene med turrver før det blir problem med vassforsyninga gjennom kjelda vår som er Eikelva, seier han og viser til tidlegare krisevintrar. Men førebels er det ingen fare for vasskrise.

Men SPAR registrerte ein relativt kuriøs konsekvens av kaldveret allereie då dei opna butikken i dag: Bakaren, som held til på Husnes, hadde ringt og beklaga trøbbel med produksjon og leveranse på grunn av at deler av utstyret hadde frose!

Og det bør munna ut i ei lita åtvaring: Ver OBS på vassforsyninga! Ikkje minst er det viktig med varme i rom der det går vatn, til dømes i hus og hytter som står tomme. Og det er viktig å kople frå hageslangar og legge isolasjon over gruntliggjande røyr.

Av Ola Matti Mathisen